

Førde, 12.10.2018

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Sagaelva kraftverk i Flora kommune i Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 05.09.2018 og til søknaden som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.sftur.no/) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 8.214. Sagaelva kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://flora.dnt.no/>

Om friluftsliv i området:

Det svært korte som står om friluftsliv i konsesjonssøknaden, stemmer ganske godt. Men vi må legge til at det også er friluftsliv på sjøen. Det gjer at støydemping av kraftstasjonen er viktig også for denne utbygginga, sjølv om det ikkje er busetnad i nærleiken.

Oppå fjellet som omkransar den øvre delen av nedslagsfeltet for Sagaelva, er det i dag viktige friluftsområder der det ein del stadar er utsikt ned på det planlagde utbyggingsområdet. Dette kunne ha ført til ein viss grad av konflikt med bygging av Sagaelva kraftverk, men denne konflikten eksisterer ikkje lenger, fordi det der oppe er under bygging eitt av landets største vindkraftverk. Det vil langt på veg totalrasere den aktuelle delen av friluftsområdet.

Konklusjon: Viss kraftstasjonen vert skikkeleg støydempa, vil Sagaelva kraftverk verte fullt ut akseptabel i forhold til friluftsinteressene. Konfliktane i anleggsfasen vil også verte små, bortsett frå når det gjeld hjortejakt.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Slukevna for kraftverket er innanfor det som i dag er normalt for småkraftverk. Ingen merknad.

Inntak: Plasseringa av inntaket, ser fornuftig ut for oss. Det er viktig og rett at det er plassert nedstraums inntaket til vassverket, slik at det ikkje er mogeleg at det kan bli konflikt med det.

Vassveg: Vi har ikkje vore på synfaring, men bedømt ut frå konsesjonssøknaden har vi ingen merknader til trasevalet. Det er fornuftig og ressurssparande at store delar av den nye vassleidningen vil bli lagd i den same grøfta som røyret til kraftverket.



Kraftstasjonen med avløp: Teknisk sett ser det ut til at plasseringa er god. Men vi merkar oss at utløpet frå kraftstasjonen går rett ut i sjøen og ikkje ut i den nedre delen av Sagaelva. Dette er svært uheldig for sjøauren i elva, det trur vi at det neppe kan vere tvil om. Men det vi hos oss veit for lite om, er kor viktig Sagaelva er for sjøaure. Vi reknar med at Fylkesmannen har mykje meir kunnskap om dette, og at dei og NVE vurderer dette spørsmålet.

Som alt nemnt, er god lydisolering viktig også for denne utbygginga!

Nettilknyting: Vi har ingen merknadar til planane.

Minstevassføring: For denne utbygginga har vi ingen merknader til at Alminneleg lågvassføring, 32 l/s, vert brukt som grunnlag for minstevassføringa heile året. Men vi har merknader til fastsettinga av storleiken på Alminneleg lågvassføringa. Den er ifølgje punkt 3.1 på side 14 i konsesjonssøknaden, redusert med 20% samanlikna med det som er naturleg for elva. Grunnen til reduksjonen er uttaket til vassverket litt ovanfor inntaket. Vi meiner at den Alminneleg lågvassføring som vert brukt som grunnlag for fastsetting av minstevassføringa, må vere den som er naturleg for elva. Det betyr 40 l/s. Vi ber NVE vurdere dette. Viss det skulle vere slik at den nedre delen av elva er viktig for sjøaure, noko Fylkesmannen og NVE vurderer, kan kvar ekstra liter med minstevassføring vere (litt) viktig.

Om verknadane av utbygginga:

Friluftsliv: Som tidlegare nemnt, reknar vi med at konfliktane med friluftslivet blir små bortsett frå for hjortejakt i anleggspersonen.

Terrestrisk miljø: Vi overlet til Fylkesmannen og NVE å vurdere eventuelle konfliktar.

Akvatisk miljø: Vi går ut frå at Fylkesmannen og NVE vurderer om det som står i konsesjons-søknaden, stemmer.

Samandrag av Turlaget sitt syn på saka:

Viss det vert teke omsyn til dei merknadene, særleg den om støydemping, som vi har kome med tidlegare i fråseigna, er Sogn og Fjordane Turlag positive til konsesjonssøknaden.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

E-post: sogturla@online.no

Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Heimeside: www.sftur.no

Konto: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14